

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Hidle.

(adresse): Nord-Hidle, Ryfylke.

G.nr. 12 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Ja, for det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sjernarøy herad er samansett av öyar, dei fleste små. Fyrst ein lut av Ombo, som er skift millom 3 sokner; Hjelmeland, Jella og Sjernarøy, som har vest-luten 19,74 kv. km. So Bjergöy 6,74, Kyrkjöy 5,15, Talgje 1,58, Hidle 1,10. Helgöy 0,81, Tjul 0,64 og Aubö 0,50 kv. km. Alle öyane nokso fulle av fjell eller åsar. Gardane små i vidd, ingi ut-slåtter eller heidaslåtter. Tendens å dela gardane meir, å her er mykje fiskarar som gjerne vil ha seg litt jord attåt fisket. Husmannar er her visst ikkje meir som eg veit av.

Utlöder og høy-stekking ikkje brukt, for kunde der vera ei liti utlöda attåt på ~~sum~~ gardar, no er det sjeldan. I eldre tid kunde dei ha inn litt høy som dei köyrde heim um vinteren. Um det då var snöföre eller tokka gjorde ikkje sers avdi vegane var so stutte. I skike utlöder og sumarshus for kyrne kunde dei ha lagt inn lauvkjær til smalen, den og köyrde dei heim um vinteren. No köyrer dei høyet heim um sumaren.

Det vert lite eg kan svara på spørsmåli. På små stykke og husmannsplasser bar dei inn høy og korn, på gardane köyrde dei. I eldre tid kunde dei bera sumt inn, gjerne det meste, men det er fyre mi tid her, eg er no 67 år. Husmenn og andre småbrukarar kunde slå litt i bratte åskanter og bera fram, gjerne ro det heim og turka det der. Det varte til litt yver 1900, no er det visst heilt slutt. Alle utan öyk ^{og tur} bar inn høy og korn.

Stakk og utlöda var som sagt ukjent her. Var der høy som vart slege avsides so der var vondt turka det der, raka dei

2
det fram og gjerne bar det, anten på riva eller i fanget eller med gaffel, fram til köyrings eller turkings. Rå-høy bar dei ikkje på tog utan det skulde i båt og förast heim til turk og då vart lagt i börar for å koma lettare og betre fram. Turrhøy vart bore på tog, når dei bruka å bera; toget hadde hegl på midten. Toget vart lagt på marki dubbelt med togi litt frå kvarandre, so vart höyet fengt og lagt på. Når der var nok på, trødde dei togendane gjennom hegl og strama til, mannen sette seg so med ryggen til böri, trødde armene millom togi og böri på kvar sida so togi låg yver akslene hans, dette kaltest fatle-bör; gjorde han ikkje det kaltest det å bera hengje-aksla. So tok han togi yver akslene, ~~men~~ eit på kvar eller og bae på ei, og ein sto bak og letta under so han kom på fote, deretter rake dei av det som hang laust under at det ikkje skulde spillast på vegen, og so gjekk „börda-mannen“.

At born var med i höying var vanleg, både raking, kasting, snuing og ^{sating} sating, so langt dei kunde. Høy-rodde eller høy-sekker ikkje i bruk her, i andre bygdar er det kjent, dei var bundne av tog som ei grisi not og snörd att. Löypestreng ikkje brukt til høy her i bygd. Kiper å bera høy i ikkje vanleg, dei kunde bera vått gras i kiper, inn til dyr som stod inne. Trillbår kunde dei og bruka på same måten til rått gras, og dei hadde berre den vanlege til alt trillebår-arbeid. Båra til høy ukjent, Höyet vart som nemnt köyrt heim um sumaren.

Frå gamlt bruka dei meidaslede til all köyring, og til høy. Etter 1890 var der sume som kosta seg hjulslede, dei hadde drog framme som hadde endane på marki, hjul bak. No nyttar dei langkjerrar med skjæker og lang-tre under sleden i eitt og eit par hjul bak. Denne langkjerra brukar dei til köyring elles, og, korn, ved og anna. Hjuli var stödt langt bak. Skoning på drogi ikkje brukt. Firhjuls vogner lite eller inkje av i heile bygd. *Langkjerra lang 2 1 m. djup Næsten bris 25 m, og næst som hjule, so "høy-rom" avt nær buidari.*

På langkjerra og hjulslede og den gamle meidasleden dei köyrde høy på, var der framme og bak ei tromma som stod upp, den var laga av to endastykke med remar millom, som ei grind. På sidene hadde dei ein lang strangel av tre, eit par tumar i tvermål, lagd frå tromma til tromma.

3

Ned frå dess~~se~~ var av tog bunde med grove moskar eit nett til å halda höyet inne i sleden. Frå gamlt köyrde dei utan grindar på sleden, det er so vidt eg kan minnst det. Dei fengde då höyet og la det på sleden og knepte med ei tong. No dei har grindar, kastar dei höyet upp i sleden med gaffel. Eit höylass kan vera kring 2 skip pund, det vil segja ialt ca. 320 kg. Nokon sers skikk med siste lasset ukjent, dei skrapa med seg alt dei kunde finna og lika ikkje der låg noko att.

Yver lasset kunde dei ha ei höytong til å kneppa med. No er slike tener meir avlagde, dei nyttar eit tog langs etter lasset, um dei i det heile brukar noko. Var der slik ~~pa~~ hegli på bördatog og kneppe-tog, var kneppe-tog-hegli større. No nyttast hegl berre på bördatog, på kneppetog ikkje hegl. 2 Hestar for höylasset ikkje brukt her.

Samslått ukjent her. Heller ikkje köyring heim frå utmarki vintersdag sams, som ein vil skyna.

Der dei i andre bygder hadde höy i utlöder og i heidi. kunde dei frakta det heim på kjelkar, fortel dei, med unge, strake björker under og på sidene so dei kunde stöa lasset når dei surra det. Slike strake unge björker på sida av kjelkelasse^l kalla dei umlåger (ei).

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING,
adr. NORSK FOLKEMUSEUM,
BYGDØY.

66